



Klare for innsamling: Frå venstre står Ida Røsland, Knut Gilberto Sæbø, Ann Mari Kristoffersen, Hanna Kjærland og Anne Christine Christiansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årets fire konfirmantar i Uskedalen samla tirsdag kveld på to timar inn 5261 kroner i fasteinnsamlinga til Kirkens Nødhjelp.

- Det er eit storarta resultat, seier Anne Christine Christiansen, som leia innsamlinga. Rett nok var innsamlingsresultat i fjor 7.073 kroner, men då var 10 innsamlarar i aksjon.

- Vi vart godt mottekne overalt, berre nokre få sa nei, fortalde kvartetten til uskedalen.no etterpå. Dei hadde aldri før samla inn pengar, berre selt lodd.

- Kva skal vi seia når folk opnar døra, spurde konfirmantane før dei la ut på vandringa si. .. Dei trong ei stutt orientering sjølv om presten hadde vore inne på aksjonen på førehand.

- Sei at pengane går til menneskje i nød, ikkje til misjon, og sei at dei går til kampen mot klima-endingane, svara Anne Christine.

Dette er framfor alt konfirmantane sin aksjon og ho var glad for at heile konfirmantkullet i Uskedalen stilte opp og gjorde ein innsats dette året. Men det var sjølvstøtt begrensa kva fire kunne rekke over på to timar.

I fjor var det åtte av eit konfirmantkull på 12 som deltok i fasteaksjonen.

Samstundes beklaga Anne Christine at det ikkje var mogeleg å skaffa fleire bøsseberarar, blant anna på grunn av skuledugnad og årsmøte i friluftslaget.

Resultatet av dnne innsamlinga har svingt noko i Uskedalen menighet, men har jamt over vore bra. I 2003 vart det samla inn 9.219 kroner medan talet gjekk ned til 5.616 året etter. Så steig det att til 9.812 kroner i 2005 før så å gå ned til 7.073 kroner i fjor.

Dei fem uskedalingane var eit lite hjul i eit stort innsamlingsmaskineri som omfatta rundt rekna 40.000 bøsseberarar i 1.300 menigheter. Så er da også dette landets nest største, årlege dør-til-dør-aksjon.

I år hadde Kirkens Nødhjelp streka under at fasteaksjonen var meir enn ein vanleg innsamlingsaksjon, den tok også sikte på å påverke dei som tek avgjerdene. Årets politiske fokus var med andre ord dei oversette krisene som kjem av menneskjeskapte klimaendingar. Endingane skaper store problem for fattige folk. Deira sikkerheit blir truga og deira mogelegheit til å planleggja framtida redusert.

I samband med denne aksjonen hadde Kirkens Nødhjelp vald å sette fokus på klimaendingane i Kenya og Guatemala.

Kirkens Nødhjelp legg stor vekt på at pengane kjem fram til rett adressat. For kvar krone som blir samla inn, går berre 10 øre til administrasjon i Noreg. Pengane går til menneskje i naud, uavhengig av religiøs tru, etnisk tilhøyring eller politisk overtyding. Hjelpa blir tilpassa lokalbefolkningas eigen situasjon og lokale behov, Målet er framfor alt hjelp til sjølvhjelp.

Og det som kan verka som ein beskjeden sum her heime er mykje pengar dit dei kjem. Til dømes kan 100 kroner gje to born legehjelp i Guatemala eller ei latrine i jungelen i Burma.

Av Ola Matti Mathisen



Konfirmantene telte pengane i bedehuset etterpå. (Foto: Ola Matti Mathisen):